

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2013

Steinhoggar i Leksaren

Side 2-3

Vennelaget for Lensmanns- garden

Side 6-7

Varhaug Sykkelklubb

Side 11

Karen Roed

Side 12



Hå Skulesjakk side 28

Arnstein Skretting har kjøpt barndomsheimen sin i Leksaren, og der held han til med steinarbeid. Mora Liv bur i huset.

Steinhoggar i Leksaren



Eg visste ikkje om eg skulle kalla han skulptør, bilethoggar eller steinhoggar. På Wikipeda blir forklaring på skulptør eller bilethoggar ein kunstnar som er spesialist i å lage tredimensjonal kunst, skulpturar relieff og statuer. Ein skulptør kan arbeide med ulike material, som stein, leire, gips, bronse eller tre.

Arnstein har vore borti tre, treskjæring og sliping av stien til smykkesteinar. Men interesse for stein og steinhogging kjem vel og frå faren som var murar og dreiv murarfirma på Varhaug, Albret Skretting. Arnstein har arbeid med steingarder, har murt hagemurer og held nå på med muring av vinterhage i huset på Leksaren.

Yrke til Arnstein er elektriker, og han har arbeidet sitt ute på plattform. Han er 14 dagar ute og 3 veker heime. Heimeperiodane har gjort at mange i bygda har nytt godt av hans kunnskap og kapasitet. Han har vore veldig aktiv med elektrisk rigging til Jærmessa for Varhaug Idrettslag. Han ivra for å få til turvegen langs

Varhaug-åna frå Opstadvegen og til Dysjalsvegen. Der var han føregangsmann i Vellaget for å få opp lys langs turvegen, slik at den kunne brukast både dag og kveld. I mange år var han kasserer og ivrig i Varhaug kabelnett, og det er ikkje få brudd og feilmeldinger som har blitt ordna av Arnstein. På Hellvik har familien hytte, som og vert brukt flittig.

I fjor var han i Italia, i Toscana området, på kurs for å lære meir om marmor, om hogging og sliping og å skapa skulpturar av steinblokkene. Han tilbrakte 14 dagar på kurset i Italia, og var einaste nordmann der. 17. mai feira han med stein og marmor. Opphaldet var utruleg lærerikt og han skal tilbake på nytt kurs nå i år. Han fekk og kjøpa med seg ei blokk marmor, og tollarane forstod lite då han skulle hente sendinga. Kven ville kjøpa ei stor steinblokkkk? Utanfor huset i Leksaren ligg ein godsleg, kvit, flott sau ferdig – glatt og god å ta på og god å sitja på. Denne har Varhaugbuen avtalt å kjøpa for å smykka ut Varhaug sentrum. Avdukinga vil finna stad på Varhaugmarken



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no



i år. Der vil også Arnstein vera for å visa korleis han arbeider med stein, steinhogging og sliping.

Han har også arbeidd med stein frå Sirevåg, anortositt, og har skapt ein fin «hest» som er fin å klatre på. Men av og til legg han ned mykje arbeid i ein stein, før han ser at den har sprekker og ikkje kan brukast, så det er heller ikkje få timer han bruker på hogging, sliping og pussing forgjeves og til inga nytte.

Utanfor trappa i barndomsheimen låg der ein stein, heilt frå barndomen. Arnstein trudde det var «grunnfjellet», men steinen viste seg å vera berre ca. 30 cm i diameter – og blei slipt til ein skulptur og sett på «sokkel» Dette var første arbeidet til Arnstein, som han brukte ca 20 timer å slipa og pussa.

Varhaugbuen ser med spenning fram til nye arbeid og kunstverk frå Arnstein i framtida. Han har mange idear, og kanskje kan det verte utsmyking av ny rundkøyting ved innkjøring til Varhaug ved Esso. Spanande.

Inger

**Støtt opp om annonsørane våre,
dei støttar Varhaugbuen!**

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkellubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Inger Haugstad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Elisabeth Lutsi, bondelaget

Varmedlem

Sigbjørn Særheim, skulekorpset

Varmedlem

Ole Andreas Aarsland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymsleklednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Mitt bidrag til Varhaugbuen denne gongen er, etter oppmoding, ein redigert og forkorta versjon av talen som eg fekk æra av å halda på Varhaug Idrettslag sin årsfest 19. januar:

Tale til Iden



Eg var ti år og **elska** fotball. Dei delane av fritida som ikkje gjekk med til å hjelpe til på garden eller å gjere lekser, gjekk med til fotball. På plenen heime, på skulen eller på ei eller annan løkke hjå kompisane.

Soverommet mitt var tapetsert med plakatar og bilete av mine fotballheltar. Det var engelsk fotball som galdt, også då.

Bileta på den blomstrete tapeten på gutterommet kom frå dei to einaste fotballmagasina som det var råd å få tak i på den tida. Blada var engelske og heitte Shoot og Goal. Dei kulørte magasina var ikkje å få tak i på Varhaug, så me sykla på våre tungtrådde sykklar til Nærbø og Narvesen-kiosken kvar 14. dag for å handle Shoot og Goal.

Så klypte me ut bileta av hissige Billy Bremner i kvit Leeds-drakt og den raudkledde, kortvaksne og målskårande ynglingen Kevin Keegan frå Liverpool. På soverommet mitt, over senga, hang det eit bilete av slitaren, Allan Ball frå Arsenal, med ein ball under armen - attmed eit innrama bilete av Jesus med langt brunt hår og hyrdestav og eit lam på armen.

På soverommet mitt gjekk det fint an med Jesus og idrett. Kombinasjonen kunne elles by på utfordringar i bygda vår i hine, hårde dagar. Dei smale vegane på

Varhaug gjekk ikkje alltid innom Varhaug Idrettslag då eg vaks opp. I dag har vegstellet endra seg. I rett retning, vil nok dei fleste meine.

Og sjølv dei smalaste vegane har blitt breiare og har fått asfalt og gatelys. Dei nye lyskastarane rundt alle dei flotte banane rundt Varhaug Idrettspark kan vere eit symbolsk bevis på at lyset definitivt har kome til det som ein gong vart definert som eit noko mørkt fastland.

Så skal eg vakte meg vel for å bli ein bitter sur grinebitar som plent skal kritisere det som var – og dei fotballkampane som eg kanskje gjekk glipp av, men heller gle meg over at gamle skiljeliner for lengst er fjerna. For svart-kvitt-tida på Varhaug tok slutt.

Eg fekk etter kvart mine første famlande møte med Varhaug Idrettslag. Då hadde eg rukke å bli så stor at fotballbasillen vart erstatta med andre interesser. Bil og jenter for eksempel. Eg hadde som dei fleste andre behov for å presse grensene. Det førte meg etter kvart ut på dansegolvet på parketten på Varhaug Idrettshall ein gong eller tre eller fem heilt på slutten av 70-talet.

Kunne eg danse? Nei. Var det så farleg? Nei. For eg trefte ei jente, og me to kunne gøyme oss litt vekk i idrettshallen under dansen på den tida. Det var ei tid

då den blågrå skoddeemien frå sigaretttrøyk gav høve til diskresjon og intimitet på dans.

Så, innhylla i røyk frå rullings og filterlause ferdigsydde, i ein enkel stol i eit hjørne på parketten i Varhaug Idrettshall på slutten av 70-talet, mens orkesteret spelte Kim Larsen og Hvad gør vi nu, lille du, så hugsar eg nøyaktig kva eg gjorde.

Eg hadde ei mjuk og varm jente på fanget og fekk mitt første kyss. Eg føretok mine første famlande og nervøse jente-ekspedisjonar under ein høghalsa fargesprakande 70-tals jente-genser i ekte akryl, mens verda slo statiske gnistrar rundt meg. - This is my life, song bandet.

- It's a hartbrake, skurra vokalist, mens hjarta mitt dunka i takt med slagverket.

Himmel på jord. Kva er det? Eg er ikkje sikker, men eg kan ikkje ha vore langt unna den laurdagskvelden i Varhaug Idrettshall i det Herrens år 1979. Eller for å seie det på godt jærsk. Dæ var jedna ikkje himmelen på jord, men dæ var fælt nimme.

Kva har det så blitt til. Det som begynte med ei fotballøkke og nokre idrettsglade ungdommar i 1932. I dag kan me ramse opp til augo vert vått og raudt og halsen sår. Fotball, handball, dans og bingo. Jærmesse og fredagsqviss. Volleyball, turn og friidrett. Tønes-Konsert og barneidrett. 17. mai fest med tilhøyrande gudsteneste. Høgt tempo og låge pasningar. Kunstig gras og ekte idretts glede.

Svulstige ord i ein festtale? Nei. Berre litt – og det er lov med skrøyt og indremedisin og indremisjon på ein årsfest. Sjølv om sjølv sagt idrettslaget som alle andre lag og foreiningar på Varhaug har potensiale til å bli betre, kan eg seie utan å ta for mykje i at Varhaug Idrettslag er Varhaug på sitt breiaste og beste. Det er ein plass som ikkje skal skilja på kven du er, kor du kjem i frå, kor du skal hen og kva du trur på. Ein plass for kondistrening og god hjartetrim med hjarterom og husrom. Ein plass for å kome saman – og ein plass for å vere gode saman.

Det er helsa i trim. Det har til og med eg erfart. Eg prøver å få meg litt frisk luft ute innimellom. Då tar eg ofte turen langs ånå og rundt idrettshuset. Gjerne på litt

sein kveldstid. Kva ser eg på idrettsanlegget? Aktivitet og liv. Ivrige fotballspelarar i ulike aldersgrupper på grøne banar under flomlys. Eg ser dugnad ein sein vårveld. Ein gravemaskin som lør ein steinmur. Ein kar med raud hjelm og motorsag som ryddar greiner langs lysløypa. Ein brølande traktor med dumpar som frakter blåleir og kampesteinar. Eg høyrer den skingrande fløytelyden frå fotballdommaren. Eg høyrer glade barnehyl blanda med basstemmane frå grove mannfolk som gjev kvarandre korte ordrar under fotballkampen.

Eg køyrer forbi sein kveldstid og ser bilar på parkeringsplassen. Eg ser vakter med gule refleksvestar og veit at det er vanlege travle kvardagssambygdingar som trasser slagregn og stiv kuling for å gå på dugnad. Ein kveld er det eit landbruksmøte, ein dag er det turnering. Ein annan kveld eit styremøte i hovudstyret eller handballgruppa. Aktivitet året rundt. Engasjement. Varhaug på sitt beste.

Best sammen er mottoet til Varhaug Idrettslag. Det er det som er med og tilfører livet kvalitet og ny næring. Samhald. Å bli møtt med eit smil og eit hei. Å høyre til i eit fellesskap. høyrer til grunnpilarane i eit menneske sitt liv.

I kveld er det årsfest. Med oppsett hår, lekre skjørt og perfekt sminke. Det er finskjorter og uvande dresstrøyer og enkelte strame slips. I kveld skal dei ærast som ærast bør. For lang og tru teneste og for gode prestasjonar. Med plakettar og prisar og æresteikn.

I kveld skal de gløyme sleivspark på fotballbanen og oppmannen som gløymte å møte opp. I kveld gløymmer me uenighet på styremøtet, slamring med dører og irritasjonen over dei som ikkje rydda etter seg. I kveld er det fest på lokalet. Nyt kvelden og ver visse på at mottoet best sammen er langt meir enn fine ord.

Best sammen – det er Varhaug Idrettslag - og bygda på sitt beste.

Sjur Håland



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15-19
Tirsdag og fredag 9-15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)

Solarium
Det er stor helbredelse med et godt Dittamin-nid
Hage & Sæløngen AS
KÉRASTASE L'ORÉAL
Dame & herreklipp
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Vennelaget for Lensmannsgarden
inviterer:

**OPNING AV
LØA PÅ LENSMANNSGARDEN**

5. og 6. april 2013

Fredag 5. april - Opning av den nyrestaurerte løa	
Kl. 18:00	• Offisiell opning av ordførar Mons Skrettingland • Sang av Hananja • Kåseri av Sjur Håland • Underholdning av To tynne og ein runde Etter opningsarrangementet vert det servert kaffe og kake i «Løeståvå»
Laurdag 6. april - Familiedag	
Kl. 09:00	VM i Fifa 13 Innleiande rundar i Varhaugmesterskapet i Fifa13 startar. Turneringa vil føregå i «Siloen» og «Stadl'n» heile laurdagen. For meir informasjon om turneringa, sjå notis annan stad i Varhaugbuen
Kl. 12:30	Lensmannsgarden Vellag held grillen varm til kl 14:30. Ta med eller kjøp grillmat på staden Bygdekvinnelaget står for salg av kaffe og kaker fra kl 13:30.
Kl. 13:00 - 14:00	• Minikoret syng • Martha Nielsen fortel eventyr I • Saksofoninnslag av Karsten Skrettingland • Martha Nielsen fortel eventyr II
Kl. 14:30 - 15:30	• Kulturskulen og korpset • Seniordansen
Kl. 16:00 - 17:00	• Konsert med Klepp Mannskor • Varhaug danselag

NB: Pga begrensa mengde med parkeringsplassar, er det berre bevegelseshemma som kan parkera ved løa. Me ber om at alle andre parkerer ved Rådhuset.



VM i FIFA 13

Vennelaget for Lensmannsgarden vil under åpningshelga for løa kåra Varhaugmeisteren i fotballspelet Fifa 13.

Turneringa vil føregå i løa laurdag 6. april.

I tillegg til heider og ære, vankar det pokalar og fine premiar til dei tre beste i turneringa.

Pga. begrensa kapasitet, er det første mann til mølla.

Påmeldingsfrist: 27. mars!

Påmeldingsskjema og meir informasjon om turneringa finn du her:

<http://www.lensmannsgarden.net>



Årsmøte i Vennelaget for Lensmannsgarden

På grunn av mykje arbeid med ferdigstilling av løa til opningshelga, har me i år valgt å utsetja årsmøtet til april - etter at snora er klypt!

Vennelaget inviterer til årsmøte torsdag 11. april 2013 kl. 19:00 i «Løeståvå» på Lensmannsgarden. Alle er velkomne til å koma på årsmøtet og teikna seg som medlemmar i Vennelaget.

Årsmøtedokumenta kan du nå lesa på nettsida til Vennelaget:

www.lensmannsgarden.net

For styret i Vennelaget,

Hans Vigleik Jakobsen



König Ludwig Lauf

søndag 3.2.2013

Skigjengen kom til det flotte hotellet ved Oberammer-gau i Sør-Tyskland på fredagskvelden. Det regna, og snø såg me ikkje, bare grått og blaut alle stader. – Men frå om natta snudde det, og om morgonen laurdag var landskapet kvitt og fint, og det snødde. Det vart snøbyger kvar dag mens me var der.

Skirennet søndag vart difor vellukka, men litt kortare enn vanleg. I staden for 50 km gjekk me 2 rundar i ei slett, fin løype på 21 km. – Mykje spennande kan skje i eit renn. T.d. var det ein skiløpar som datt rett framfor Kjell i ei lita nedkøyring. Skia til Kjell hamna mellom føtene på personen framfor, og Kjell datt i ein

haug med løparar. Då han endeleg kom seg på føtene att, var skia mot løpsretninga. Snuoperasjonen vart vanskeleg nok med ein straum av travle løparar. Likevel kom både Kjell og dei andre i mål på kjempegode tider. Lars var raskast som vanleg, og eg seinast som vanleg. Men til og med eg brukte mindre enn 1 time pr. mil og hadde eit kjempegildt skiløp. Dessverre datt eg på målstreken – pinleg nok når skigjengen stod og heia på meg.

Frå Varhaug gjekk desse på renn: Siri og Håkon Skretting, Håkon Reinås, Jonas Skrettingland, Mindor Håland, Lars Madland, Kjell Tjemsland og Eirik J. Varhaug. Som støtte hadde me Anne Merete Madland, Anne Lise Håland og Kjellaug Aanestad Varhaug. Heile reisefølget var 16 personar. Lars var reiseleiar og hadde ordna alt på ein kjempegod måte.

Til sist kjepphesten min: Gå til kamp mot livsstils-sjukdommane – med rett kosthald og nok trim/kroppsbuk. Ski og rulleski er ein av fleire aktivitetar som kan medverka til spenstig kropp og god helse. – Me har fått forvaltningsansvar frå Vår Herre både når det gjeld natur, samfunn og eigen kropp.

Helsing Eirik J. Varhaug

VIGRESTAD BRASS BAND

Øver hver mandag på Varhaug Skule
Fra kl. 19:45 til kl. 21:30

Dirigent: Lars Ole Bergersen

Vi er 10 entusiastiske medlemmer,
i aldersgruppen fra 13 år og til 50 +.
Vi har plass til flere, så hvis du er
interessert i å spille i Hå kommunes eneste
amatørkorps er det bare å komme ☺

Mvh

Jorunn Haver

jhaver@online.no • tlf 41 62 60 19



Frå redaksjonen

Berre flotte veret. Eg kan ikkje huska sist me hadde så mange flotte veker etter kvarandre med sol og vindstille. Her må me berre nytta dagane og koma oss ut på tur. Sjølv om det er litt kaldt, sprett det opp vårblomar overalt og fuglane er ganske våryre i sangen.

Sist eg laga blad, hadde eg nett vore på Cuba. Denne gongen får eg ikkje sjå bladet heilt ferdig, for eg reiser på cruise før det går i trykking. Får berre håpa at eg ikkje har vore alt for mykje i feriemodus.

Eg må nok ein gong sei at det er utruleg gildt å arbeida med Varhaugbuen. Over alt møter eg hyggelige folk når eg kjem med blokk og blyant, og alle skryt av bladet. Men de har og lov å koma med ris, viss de meiner det er nødvendig. Me er opne for tips de meiner me bør ta med. Ikkje alltid like lett å koma på alt. Eg vil ynskja alle ein fin vår og god påske.

Liv

Me treng nye tomter

Tenker du på å byggje nytt hus i hagen? Ta kontakt for ein uforpliktande vurdering av mulegheiter. Me tek oss av alt papirarbeid.



NORGESHUS
Varhaug
Opstadvegen 653, tlf. 51 43 07 70

ÅRSMØTE VARHAUGBUEN

Dette vert måndag
15. april kl. 19.30.

Sakspapir vil verta tilsendt.





F.v. Gudny Varhaug, Gina Skretting, Birte Skretting, Sondre Varhaug, Arvid Bøe, Marta Skrettingland, Lars Kristian Håland, Terje Vik, Kristoffer Håland, Bjarne Skrettingland, Ole Andre Berland, Gunn Honnemyr.

Samla inn 36.000 kroner til Ungdomslaget sine misjonsprosjekt

Laurdag 5. januar gjekk Ungdomslaget si årlege flaskeinnsamling av stabelen, og 30 ungdomar deltok i arbeidet. 10 bilar og traktorar med tilhengarar, var til god hjelp i arbeidet.

Inntektene frå panting av alle flaskene gjekk dette året til to ulike misjonsprosjekt der Varhaugsbuar står sentralt i arbeidet. Halvparten av pengane går til eit prosjekt i Nord- Afrika der personar frå Varhaug står i fremste linje, og halvparten går til Det Norske Misjonsselskap sitt prosjekt "Utstyr til jordbruksskulane på Madagaskar", der Ole Moi er den lokale eldsjela.

Me har samla flasker til misjonsprosjekt i om lag 7 år no, seier Even Varhaug, som har hatt ansvaret for organiseringa av arbeidet dette året. Det har vorte samla inn mellom 10.000 og 40.000 kroner dei føregåande åra, seier han, så over alle desse åra har det vorte mykje pengar av det.

Måndagen etter innsamlinga var ungdommane samla på loftet på Misjonshuset og feira arbeidet med velfortent pizza. Ungdomslaget er svært takknemlege til alle oss på Varhaug for at me støttar arbeidet med å gje flasker.

Rett over nyttår neste år vert det ny flaskeinnsamling, så, det er berre for oss starta å samla opp i god tid før jul ☺

Kjetil Skrettingland



F.v. Kristoffer Håland, Bjarne Skrettingland, Birte Skretting, Sondre Varhaug, Arvid Bøe, Kristian Sollesnes, Inga Vagle, Marta Skrettingland, Lars Kristian Håland, Terje Vik.



Varhaug sykkelklubb

Varhaug Sykkelklubb (VSK) ble stiftet 25.10.12. Klubben har ca 30 medlemmer når dette skrives, og antallet stiger jevnt og trutt.

Styret i klubben består av følgende personer:

Trond Atle Olsen, leder

Stig Hobberstad, nestleder

Hilde Topdal, styremedlem

Joakim Jeremiassen, varamedlem

Sykkelinteressen i Norge har tatt seg kraftig opp de siste årene, og her på Varhaug er det flere som bruker sykkelen for å holde seg i form.

Noen av grunnene til at VSK ble stiftet var å få treningen litt mer organisert, samt å få et sykkelmiljø på Varhaug. Søknad om opptak som klubb i krets/forbund er sendt, men pga forsinkelser hos kretsen har vi per i dag ikke fått svar på denne.

Ellers så har vi i vinter jobbet med klubbdrakten, og denne er snart klar for produksjon.

Klubben har fått på plass flere Varhaugsbedrifter som sponsorer, og styret vil rette en stor takk til disse! Hovedsponsoren vår er Odland A/S, og med på laget er også Time Sparebank, Fargerike Halvorsen, Esso Varhaug Servicenter A/S, Ole G Nord-Varhaug A/S og Herredsvela Transport. Spinn sykkelshop med hovedkontor på Sandnes er også med som sponsor.

VSK arrangerer årsmøte, onsdag 20.mars, klokka 19.30. Årsmøtet vil bli holdt på Mødeplassen i Sentrumsgården. Her er alle interesserte velkomne!

Ellers har vi en hjemmeside hvor man kan få mer info om klubben. Sjekk ut www.varhaugsk.no!

Framover mot våren og sommeren vil klubben sette opp faste treningstider hvor syklister kan møte opp for kjekke treningsturer i godt lag. Dette vil bli annonsert på hjemmesiden og facebooksidene våre.

VARHAUG BEDRIFTSFORENING

... minner om årsmøtet fredag 15. mars kl 19:00 på Lerbrekk Skule.

Har du glemt å melde deg på, men har lyst å gå?

Ta en telefon til Ingeborg på 932 59 970, så ordner det seg sikkert.





Frå galleriet i Gvarv

Karen Roed kjem tilbake til Lerbrekk

13. og 14. april vert det igjen maleri og sjå og kjøpa på Lerbrekk skule. Då kjem Karen tilbake for 3. gong. Ho har dei siste 5 åra vore busett i Telemark saman med mannen. Først budde dei i Notodden, der Karen hadde både atlier og maleskule. Nå bur dei i Gvarv, der ho og har galleri i sentrum. Karen har hatt flest utstillinger i Danmark, men har og hatt utstilling både i Sverige og Kuwait. I Norge har ho i tillegg til utstillingane i Telemark og Lerbrekk skule, og hatt utstilling på Fotland Mølle og på kunstmesse i Stavanger. I Danmark har ho og hatt kunstmarknad saman med glas-strikk- og filt kunstnarar frå Hå. I september i fjor deltok Karen på Norsk Eplefest på Gvarv saman med 7 andre galleri.

Karen seier det er mange som dreg syd over for å male. Karen liker roen og freden hun har funnet i Norge, og meiner hun vert meir kreativ når det er roleg rundt henne.

Karen bruker mange teknikker i arbeidet både med svamp og fingermaling.

I tillegg til maleri med ymse både størrelse og motiv, har og Karen med seg kjeramikk smykke frå ein annan kunstnar i tillegg til nokre skulpturar ho har begynt å laga.

Her vil det verta mykje fint å sjå, så berre merk dykk helga 13. og 14. april.





Læra med å gjæra

Mandag 25. februar møtte 35 ivrige 4H-ere opp på "mødeplassen" i gamle coopen, klare for å lære å danse swing.

Me hadde fått med oss Magnhild Aanestad og Olav Varhaug fra Varhaug BU, som instruktører.

Det var mange skeptiske til å begynne med, alle var vel ikkje heilt klar for å danse med en av det motsatte kjønn. Men det gjekk seg fort til når de fant ut at de fleste hadde nok med seg og sin danseparter for å få inn dansetrinna.

Det blei trong om plassen, men det var mange som fekk skikkelig dreisen på å danse swing.



Då var de nye vinduene på plass i møtelokalene våre på internatet.

Tusen takk til Geir Kydland og Finn Mæland som la ned mange arbeidstimer for oss.

Det blei kjempebra, rommet har blitt heilt nytt det siste året takket være 4H-prosjektet til Camilla, og

nå med nye vindu i begge romma.

Hilsen styret i Svala 4H

Aktivitets dag

PÅ 4H-GARDEN / JÆR-MUSEET

Søndag 28. APRIL 2013

Jærmuseet har ope frå kl. 12.00- 17.00 aktivitetar kl. 13 – 16

Alle medlemmane i 4H klubbane i Hå samlast til felles klubbmøte/aktivitetsdag.

I fjor var aktivitetane bl.a. hesteskokasting, toving, sekkeløp, vannaktiviteter, spikking, papirbretting, ansiktmaling, pinnebrød m.m, kva blir det i år?

Det finn du ut om du tek turen til Jærmuseet.

Både 4H garden og museet er ope.
Ta med vener og familie til ein kjekk dag på Kvía.

Arr. Svala 4H, Vigre 4H, Solglimt 4H og Sjøglimt 4H



Litt info frå Varhaug Bygdekvinnelag

Me i Bygdekvinnelaget føler laget er i «driv» - god oppslutning på møta har det vore- både medlemmer og ikkje medlemme – då er det gildt å lage til –.

6 nye medlemmer har vi og fått- velkomne skal dei være- og det er plass til fleire .

Neste møte er onsdag 20. mars, da er det sonemøte, d.v.s. Nærbø, Orre, Bore, Klepp og Time er med, dette skal være i salen på Idrettshuset . Avtroppande fylkeskvinne, Tora Aasland skal være med + god underholdning og sjølvsgatt mat.

Torsdag 25. april er det i løa hjå Kari og Lars Nord-Varhaug- stilkonsulent Grethe Øglænd kjem.

Torsdag 30. mai er det tur – Trodlatysdal er målet – buss til Årdal og båt resten- middag og omvisning.

Torsdag 6. juni dreg me til Kviamaka kor me får omvisning på det nye Meieriet og Miljøgartneriet.

Oppslag kjem på Handelslaget og Spar føre kvart arrangement—sjå etter.

No har me i gang bakekurs; potetkake, nordlands- lefse, lefse og kråtekake- og pågangen var stor-

- men fortvil ikkje dokke som ikkje fekk plass — nytt kurs til hausten kjem---

Særlig kjekt at så mange unge har fått interessen for denne tradisjonen.

Marie Aniksdal arrangerer **nytt Sytreff lørdag 13.april** på Varhaug Skule, påmelding til

Marie, telf. 91532763. Kr. 300,- for medlemmer og kr. 400,- for ikkje medlemmer, varm mat inkl.

Gågruppa er i aktivitet kvar mandag kl. 09.30 – likeså trimen på onsdagen kl. 10.00-11.00-

bare kom og ver med – trim gjere godt!

Strikkekafeen er 1. mandagen i kvar månad på Mødeplassen frå. Kl. 17.

Ellers tek me gledelig imot tips om tema som kan ver på møta, eller anna aktivitet- kontakt styret.

Vil så ynskje alle ein God Påske og ein fine vår.



Aktive kvinner for levande byggder



Foto: Bondevennen

Rogalandsgarden



6. oktober i fjor var det jubileumsfest på Jærmuseet. Rogalandsgarden hadde 50 års jubileum. Her skulle det og koma gjester frå Kamerun, men pga klatt med visum, kom desse ikkje til Norge før ein månad seinare, og gjekk dermed glipp av jubileumsfesten.

Bjørn Bue (seinare biskop i Stavanger) var misjonær i Kamerun i 1962. Der såg han store jordbruksareal som ikkje vart bruka til matproduksjon. Dette tykte han var ille, og i boka si «Såkorner og spirekrafta» skriv han at under ein treningstur langs stien ved Meng-elva trødde i høgt gras. Han tenkte: - Kan graset veksa, kan vel andre ting veksa. Han grov under grastorva og stod med hendene fulle av svart, laus mold jord. Bjørn tok kontakt med Rogaland bondelag, og den første traktoren kom på plass. Seinare har det berre badla på seg. Bondelaget var først med. Så kom bygdekvinnelaget, 4 og bygdeungdomslaget. Rogaland bygdekvinnelag har heile tida gjort mykje for Rogalandsgarden. Det var dei som fekk til kontakten med sokneråda om at offeret under hausttakkegudstenesta skulle gå til dette prosjektet, og slik har det vore sidan 1984. Det vart og starta jordbruksskule, og ein av dei første elevane var Gastin Adjia. Seinare vart han lærar på skulen. Han

gjekk og på jordbruksskule 3 år i Norge, finansiert av Rogaland bygdekvinnelag. Eg fekk helsa på Gaston under fylkes sitt årsmøte på Hjelmeland i 1973. Rogaland bygdekvinnelag, er og med i eit U-lands utval, der og bondelag, 4H og samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland er med. Bygdeungdomslaget var med her i åra 1984-1998.

Gjennom desse 50 åra er det samla inn 4,3 millionar kroner til ulike prosjekt i Kamerun. Her har Klepp kommune ytt bidrag til eit vatningsanlegg.

I 2012 hadde U-lands utvalet jubileumstur til Kamerun. 3 av desse hadde vore der før, og alle fekk ei positiv oppleving. Ikkje minst på at kvinnene nå var både meir aktive og synlege. Dei var veldig godt organiserte med styre, hadde faste møtedagar, dreiv med spareklubb, underviste om helse og dreiv med grønsakdyrking

Den siste tida har det vore fleire negative program på TV om diverse U-hjelp. Då er det gildt å vera medlem i ein organisasjon der ein ser gode resultat av U-hjelpa.

Liv

"Nå he me dæ mesta på Varhaug"

Det skjer stadig noko nytt i sentrum både ute- og innomhus. Varhaugbuen har vore ein runde i stasjonen, både for og sjå og høyra «nytt». Det var ei gild oppleving, for det var «god-ord» å høyra overalt.

Me starter i nord og **COOP – eller handelslaget** – om du vil.

Her var det ikkje like lett tidlegare med parkeringa i samband med bygginga, men nå er det høve til parkering innomhus både oppe og nede, så ingen treng syta lenger om det. Vareutvalet er stort, og ikkje minst er frukt og grønt avdelinga, som er det første som ynskjer oss velkomne, litt av syn. Her finn ein og alltid mykje norske varer. «Postkontor» finn me og.

Sentrumsgården:

MX-Sport. Her møtte eg ekspeditør Even Andre Lode. Han seier dei er godt nøgde med salet så langt, etter at butikken starta i november i fjor.

Monicas. Frisørsalongen til Monica Apeland har nærast «eksplodert» etter opninga i fjor sommar. Nå er ventetida ganske lang for å få gjort noko med håret, så Monica må tilsetja folk.

Varhaug Blomster Atlier. Eigaren, Frøydis Danielsen Thompson, fortel at pila har gått oppover heile tida sidan starten i juni i fjor. Ho har med seg ei dame i 50% stilling.

Alan – sjef for Lekeland og Bilvasken. Alan smiler lurt bak disken i kafeen, der han har kontrollen på det meste. Her kan far eller mor få vaska bilen, mens ungane koser seg i Lekeland, og dei vaksne med kaffi eller pizza. Alan ordnar og med bursdagsfest for ungane om ein har behov for det.

Pizzabakeriet. Her sto Karvan Ibrahim, kurder som Alan, bak disken. Her har og pila berre peika oppover, så det var tydeleg at dette var noko folk hadde sakna. Dei har gode tilbud både til bursdagsselskap og bedrifter/lag. Det er berre å ringa, så kjem dei med varene.

Glizz. Jippi, her kom kledebutikken Steinar hadde snakka om. Eigaren, Jane Aarre, bur på Sandnes med mann og barn. Ho har og ein nystarta butikk i Jærhagen, men kunne ikkje seia nei då dette tilbudet på Varhaug kom. «Eg måtte berre satsa, sa Jane, så får



Even Andre Lode, MX-Sport



Monica Apeland, Monicas



Alan, Lekeland og Bilvasken

Varhaug



Karvan Ibrahim, Pizzabakeriet



Jane Aarre, Glizz.no



Katrín, Flink foto

eg heller ha det ekstra travelt ei stund». Ho er og med i eit «Boligstyling selskap» i Stavanger og Oslo, som andre nå må ta seg av nå. Jane har arbeidd mykje med interiør, men lysten til å arbeida med klede hadde alltid vore der. Og på ein augneblink hadde ho plutselig ansvaret for 2 butikkar med klede. Ho tykkjer dette er både spanande og kanskje litt skræmmande, men ser og positivt på at ho får hjelpa folk med å finna klede som passar. Og hos Glizz finn du klede i både små og store nummer. Ikkje nok med det; her finn du og smykke/vesker som kan høva til kledeplagget.

Turen vidare går mot **Time Sparebank** og frisør-salongen **Hege og Heidi**. Begge har vore ein del av stasjonen dei siste 20 åra. At det kjem nye butikkar i sentrum, ser dei positivt på.

Skretting AS. Me lurde på om dei i denne gode slaktarbutikken hadde merka noko i salet etter at det vart liv i nabobygget som og fekk inngang på sør. Svaret var at dei hadde jamt godt sal heile tida, og at dei ennå ikkje hadde sett noko merbar auke etter opninga av Sentrumsgården.

Flink Foto. Etter å hatt fotograferinga i heimelu-set ei tid, flytta Katrín til kjellaren i gamle banken i slutten av oktober. Her trivs ho godt i romslige lokale med god plass til «rekvisitter» av ymse slag. Her er det avslappande og godt å vera, seier Katrín. Men likevel kjem ho nok til å flytta atelieret heim igjen. Det vart for rolege dagar i stasjonen. (red. Synd, men kanskje kjem ho tilbake til sentrum seinare?)

Vidare i gata ligg **Varhaug Kinamat**, for dei som ynskjer ein enkel og spanande rett ein travel kvardag.

Me kryssar gata og kjem til **Stuelandsbygget**.

Sport 1 – eller tidlegare Lars Gaute sport, finn me nå både i 1. og 2. etasje. 1. etasjen er butikken, som er ein spesialbutikk med alt det utstyret du treng enten du spelar fotball, sykklar, går på ski osv. Nå har dei og fått butikk på Nærbø, tidlegare Jæren Sport, så nå er dei eigarar av 2 »Fullsortiments sportsbutikker». Då Lars Gaute starta i 2001 var dei 2 tilsette, i dag er dei 18. Sjølv om han og fekk ein butikk på Nærbø, ville Lars Gaute vera på Varhaug. Det var her han hørde heima, og har difor utvida med stort lager og sykkel-verkstad i tillegg til administrasjonen i 2. etasje. Her



har me verkeleg fått det fint, seier mellom anna **Knut Ulvatne** frå Sandnes som starta som administrasjonsleiar, (eller Lars Gaute si høgre hand) som han sjølv sa, for begge butikkane 1. august i fjor. Han tykkjer det er ganske spesielt å arbeida i dette bygget. Far hans, som var agent for Bladsentralen, leverte vekeblad mm til Anthon Auestad, og i feriane fekk Knut vera med på denne jobben. Me som huskar det gamle huset, ser nok og døra ved sida av privatinngangen til Anthon føre seg. Og det var her Knut leverte blada. Sirkelen er slutta, kan ein kanskje seia. Knut trives veldig godt i den nye jobben, med lyse, gode lokale og ikkje minst kjempegreie medarbeidarar.

Ola Bjorland og Helge Petersen rår og på toppen, der dei fiksar og skur saman sykklar. Helge mest på reparering, mens Ola tek seg av dei nye. Det er eit kjempelager for begge butikkane, og så fort ein sykkel vert selt, må ein ny monterast ferdig. Dei har det travelt, men trivs veldig godt i jobben. Dei hadde og ein ski benk, som skulle oppdaterast til neste sesong.

Lotus, med Gunn Tone som sjef, har dreve butikken sidan 1999, men berre 2 år i Stuelandbygget. Her trivs ho veldig godt, og seier Varhaug er ein kjekk stad med mange gilde kunde. I tillegg til blomar, har ho og ein del interiør og bitte litt klede.

FIX it frisor. Brit Jorunn har Vibeke og Maria med på laget i tillegg til ei som nå er i permisjon. Dei har vore i bygget i 2, 5 år, og er vel nøgde med å vera i dette lyse fine sentrale bygget. I tillegg til hår og sminke, har Brit Jorunn og satsa på litt klede – noko ho forresten snakka om første gong Varhaugbuen var på besøk då ho starta. Iis of Norway er eit populært merke, og akkurat nå er vår kolleksjonen kome med mykje gildt.-

Varhaug Hud – og Fotterapi med Heidi Bø, stortrives i dei lyse og fine lokala, der ho snart har vore eit år.

SR BANK og **Massør Audrone Sirokova** finn ein og i 2. etasje.

Som ein kanskje huskar frå sist nummer av Varhaugbuen, så hadde fotografen **Asle Haukland** fått seg kontor i 2. etasje. Han har ikkje fast kontordag, men er å treffa pr. telefon eller når han er på kontoret for redigering mm. Asle kjem frå Sandnes, men har budd på Varhaug dei siste 10 åra saman med kone og 2 barn. Han er utdanna lærar, og arbeidde på Ogna i fleire år. Fotografutdanninga tok han i vaksen alder, og nå er hobbyen vorte til levebrød. «Nå er eg komen heim»

For det meste er det reklamefoto han driv med, men det er og høve til vanleg foto. Asle har teke sikkerheitskurs, med tanke på oppdrag i oljenæringa. På veggen utanfor kontoret, heng det fleire flotte landskapsfoto som er vel verdt å ta ein ekstra kikk på.



Knut Ulvatne, Sport1



Ola Bjorland og Helge Petersen, Sport1



Gunn Tone, Lotus



Vibeke og Maria, FIX it



Heidi Bø, Varhaug Hud- og Fotterapi



Asle Haukaland



Jæren Apotek

NB! Asle tek og flyfoto, så e det einkvan som ynskjer eit nytt bilete av garden/huset, er det berre å ta kontakt

Jæren Apotek er og godt nøgde med både lokale og sal. Dei har hatt så mykje å gjera sidan opninga, at dei har tilsett ekstrahjelp.

Spar. Her møter me blide Gordon og jentene hans, som alltid syt for at vareutvalet er på topp. Dei har til og med ordna med ein kaffiautomat, slik at du kan setja deg ned og slappa av litt etter handlinga. Bra!

Pulsen, i kjellaren i Stuelandbygget har vore presentert i bladet før. Her er det framleis "goe gang" og her kan ein finna trim som passer for dei fleste. Ta kontakt, dersom det er noko du lurar på.

Like nedanfor finn me **ESSO** der me får påfyll både til folk og bil.

Og over gata – i **HRD bygget** – finn ein både lensmann, byggekonsulent, rekneskapskontor **og det siste: Me har fått advokat til Varhaug!**

Ja, dette var det som fins vestsida av jernbanen. Men me treng ikkje gå langt på andre sida før me finn frisørar, snob (Bøen), Fellesen, legekantor/tannlege, gjenkjøps- og røyrleggerbutikk, I tillegg til firma som kan hjelpe oss med både hus, hage eller garden.

Nå he me dæ mesta på Varhaug. Då er det viktig at me som bur her, brukar dei butikkane me har fått. Går det godt med desse, vil det nok badla på seg, slik at me får endå fleire. **Støtt opp om det me har i bygda vår!** Desse er og med og betaler Varhaugbuen, slik at den kan gå gratis til alle husstandande.

(Red. Me tenker med skrekk tilbake då Sjur skreiv om the Ghost Street. Nå er me kome så langt at det kun er bankbygget som står og venter på å verta brukt igjen.

Varhaug

Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr

JG MASKIN

Jon Gunnar Undheim
Kontorveit - 4360 VARHAUG
Tlf. 97 67 03 63
Mob. 97 67 03 63

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.

Elgane Motorsykelklubb

I skrivende stund ligger det snø og is på deler av motocross banen. Dette gjør at styret har bestemt at det ikke blir trening før dette har tint. Speedway-banen trenger også mildvær før den er kjørbær.

Men det betyr ikke at det er stille på Elgane. Vinteren blir som vanlig brukt til oppussing og vedlikehold. Nå er det speedwayverkstedet som har blitt «nytt», og resultatet har blitt veldig bra.

Elgane arrangerte som vanlig årsmøte siste tirsdag i mars. Det var ingen store utskiftninger i styret, noe som vel tyder på at vi alle trives veldig godt under Ommund's ledelse.

Det nye styret er:

Leder: Ommund Thu

Nestleder: Anette Fuglestad Håland

Sekretær: Siri E. Vagle

Kasserer: Elin Hobberstad

Styrerepresentant motocross: Gunhild D. Klingsheim

Styrerepresentant ATV: Helge Husvegg

Styrerepresentant speedway: Ola Rosland

Varamedlem (møter fast): Erlend Klingsheim

Noen av våre motocross-kjørere har benyttet banen på Byberg for å få litt trening i løpet av vinteren, og nå gleder vi oss alle til vårt eget flotte anlegg er klar til bruk.

Når det gjelder speedwayen reiser en gjeng fra Elgane til utlandet for å få skikkelig oppkjøring før sesongen.

De som reiser er Glenn Moi, som dette året kjører 500 cc, og Espen Sola, Lars og Even Figved som kjører 85 cc. Treningen starter med 3 dager i Polen, 1 dag i Tyskland og avsluttes med 5 dager i Danmark. Kjekt at noen satser!

Påske er tidlig i år, men vi satser på at det blir trening for alle grener i løpet av denne høytiden. Tradisjonen tro inviterer vi til ATV-trening palmehelgen, mens speedway og motocross samler sine Skjærtorsdag, Langfredag og Påskeaften.

Ta gjerne turen opp for å se på disse treningene. Vi holder åpen kiosk og det blir mye folk og god stemning. Vi håper bare på at været er med oss.

LØP – 2013

Foreløpig er det bare to løp som er endelig bestemt, resten blir satt opp senere, men merk dere datoene allerede;

Motocross: 1 NM runde, 25-25 mai

Speedway: EM 80 cc, 10-11 august

Ellers vil jeg oppfordre både barn, voksne og spesielt ungdom til å ta søndagsturen til Elgane. Når det bare blir vår holder vi åpent for trening hver søndag fra 1200-1700. Det er bare kjekt viss noen kommer for å se.

Elin H.



Prisvinnarar frå Elgane Motorsykelklubb, Tage Skretting, Inge og Mikke Birk.



GRASROTANDELEN

VARHAUGBUEN
Organisasjonsnummer 990246270



32774990246270



6. januar er ein dato dei fleste på Varhaug har eit forhold til. Då var det basar på Auestad skule. Men det var i gamle dagar. Sidan 70-talet har basaren vore på Misjonshuset. Men 6. januar kl. 12.00 har dei halde fast på, om ikkje den 6. fell på ein sundag. I år var basaren laurdag 5. januar kl. 12.00. Auestad kvinneforening, som er 135 år, står bak basaren. Dei vurderer nå å flytta basaren til den laurdagen som er nærast den 6. Det vil nok utflytta Varhaugbuar, som har eit forhold til basaren, verte glade for. Det er ikkje like enkelt å koma til Varhaug midt i veka då dei fleste er på arbeid, mens laurdagen har dei kanskje fri.

Det er ikkje få kroner Det Norske Misjons-selskap kan takka denne foreninga og basaren deira for. Og det er heller ikkje få timar desse kvinnene gjennom 135 år har lagt ned i ymse handarbeid.

I gamle dagar hadde foreninga møta på skulen. Då hadde dei rokken med, spann ulla dei seinare skulle bruka til sokkar o.a.

Det eg tykte var gildt med basaren, var bordet med gevinstar for ungane. Elles var det fin song og musikk, og kaffipause med mykje godt før trekkinga. Eg hadde ikkje vinnelukka, men det var mange andre som fekk med seg mykje fint heim.

Liv





Foto: Jærbladet

Til lukke med Næringsprisen

SI BYGG

I desember delte Bankrådet i SR Bank Hå ut Næringsprisen for 8. gong. Prisen er ei lokal påskjøning til det lokale næringslivet i kommunen, og rådet legg vekt på innovasjon, nyskaping, gründer eigenskap, gjennomføringsevne og skaping av resultat. Prosjekt-leiar Dag Skretting (son til Ståle) i SI Bygg vart teken heilt på senga då han møtte opp på Jærmusèet til den årvisse frukosten saman med bedriftsleiarar og andre, og ante ingen ting om tildelinga.

SI Bygg vart starta av Ståle Skretting og Ole Kristian Ingebrethsen i januar 1980. Den første tida leigde dei kontorlokale i sentrum, men frå 1998 har dei vore «herre i eige hus». Her har dei i tillegg til god lagerplass, leigetakarar i 2. høgda.

SI Bygg har vore tilslutta Mesterhus sidan 1987, og fekk i 2001 heidersprisen Årets Mesterhusbedrift i hard konkurranse med 150 andre Mesterhusprodusenter. Dette var første gongen denne prisen vart utdelt.

SI Bygg har i alle år, gjort som mange andre firma på Jæren, bygd seg opp stein for stein. Det er eit lokal byggefirma, som tek på seg både små og store oppdrag.

Det meste av arbeidet har vore i eigen kommune, men dei neste åra får dei mykje å gjera i Time, nærare bestemt Lyefjell der det skal koma ca 100 nye husvære.

Dei har 20 tilsette. At seks av desse og har meisterbrev og med som eigarar, må vel vera ganske unikt. Det er 4 som arbeidar i administrasjonen og resten på byggeplassen.

Frå nyttår vart Glenn Skretting tilsett som dagleg leiar. Han tek over etter Ole Kristian, som nå får betre tid til å ta seg av dei eigedomselskapa SI Bygg er involverte i. Glenn, som og har fleire års erfaring frå arbeidet hos HRD, skal og vera økonomiansvarleg.

SI Bygg er og godkjent som lærebedrift i tømrarfaget, og normalt har dei 2 nye lærlingar kvart år.

SI Bygg er eit solid byggefirma med godt omdøme som har ein enkel men likevel krevande ambisjon: Å levera kvalitet til nøgde kundar.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer både Glenn og resten av SI Bygg lukke til vidare.



Vårsleppet!

Varhaug Bygdeungdomslag

No er våren på full veg inn i det norske riket. Me kan endelig leggja frå oss boblejakkene, skibuksene og den blå «Varhaug Bunaden» Me går mot lysare tider på bygda !

Me på Varhaug har mykje og gleda oss over. Eit flott idrettsanlegg , Ny oppusa barneskule og sjølvsgd den flotte løa på lensmangarden. Dette er eit flott tiltak og eit utruleg fint, historisk bygg. Tusen takk til kommunen samt dugnadsgjengen i vennelaget som har sørgja for at me på Varhaug har ein plass å vera, spesielt me som driv ulike organisasjons arbeid. Me i VBU ser frem til å få moglegheit til å arrangere ulike tevlingar på løa. At det no kjem fram at ho ikkje er rullestol vennleg trur eg ikkje blir eit problem. Eg er sikker på at Svein og gjengen tek fatt i dette, og finn ei fin løysning slik at rullestolbrukara også kan bruka løa, det skal ikkje stå på innsatsvilje på denne gjengen. Me må hugsa at Dugnadsarbeid er gjort i beste meining og at me må vera takksamme at nokon vil stå på for å gjera godt i bygda. Feil kan skje, då er det viktig at me jobbar saman for at me kan ordna opp i dette. Me Varhaugsbuar har eit felles ansvar for at me skal kunne vera stolte av bygda vår, samt spreie positivitet og dugnadsånd.

No er det vidare på neste sak. Varhaug Bygdeungdomslag , Bygdekvinnelaget , Bondelaget og 4h eiger internatet på Varhaug. Det ligg ved sidan av fjordkjøkken. Etter årsmøtet i januar blei det veld nytt styre. Me har grepe fatt i ein del ting og tang som har vore litt i «utakt» No har me skifta vinduer, fått 3 Varmepumper, Festet tak panner, sett opp nytt rekkverk inne, slik at det blir eit tryggare bygg. I tillegg skal me skifte ut mykje av det elektriske på bygget. Me i VBU vil takka Bygdekvinnelaget, Bondelaget og 4h for godt samarbeid etter årsmøtet, og for at me slår eit slag for meir aktivitet i bygdene.

Men, tilbake til våren. Denne våren blir det starta ein ny tradisjon i VBU : Vårsleppet ! me skal ha ei veka på våren kvart år der me inviterer ungdomar til å delta på ulike aktiviteter. Lik oss på facebook og få invitasjon! J

Elles vil me ynskja alle ein fin vår med meir sol, mindre klede, meir glede og moro!

*Helsing styret i VBU
v Ane Eckhoff Varhaug*





Bondekaffe

Varhaug Bondelag inviterte til bondekaffe på internatet 24. januar. Der hedra vi Inger Husveg Lassen for god og lang tjeneste som inseminør i Varhaug. Vi inviterte henne til å komme og snakke om sin tid som inseminør. Ho ante ingenting om at dette skulle varte hennes hederskveld.

Ho er ein dyktig inseminør, som har blitt kjent med mange av bøndene i Varhaug. Ho satte stor pris på fatet og telys-holderene ho fikk overreikt av Ole Andreas Årsland, leder i Varhaug Bondelag, på vegne av alle bøndene i bygda. Gaven var heilt etter hennes smak, så der var vi heldige.

Det blei serverte pizza og brus. Det var dessverre dårlig oppmøte, så vi få som var blei gode og mette.



Foto: Bondevennen



Frå prisutdeinga

Hundalorten



Som med Lerbrekksbrua, har dette med lort vorte skrive om mange ganger. Nå er det slik at mange er vorte flinke til å ta med den svarte plastposen når dei luftar hunden. Men kvar gjer dei av posen? Jau, innunder ein busk eller oppi bilringane. Då er det mest betre at lorten berre vert liggande. Den forsvinn etter ei tid med ver og vind, men den svarte plastposen forgår ikkje. Kanskje vert dette betre om kommunen hadde sett opp fleire bossdunkar.

Det er mange som har klaga over desse posane, både dei som går tur og dei som har fått dei mest inn i hagen. **Moralen er:** Finn du ikkje dunk til posen, så får du bera den med heim!

Lerbrekksbrua



Varhaugbuen har og til dette bladet snakka med ordføraren, som fortalde at han nok ein gong hadde vore i kontakt med fylkeskommunen. Dei hadde sendt saka på ny over til Jernbaneverket, og så visste han ikkje meir. Skal me snart setja VG på saka eller det hjelpeprogrammet som er på TV?

Eg berre spør.



Nytt fargekart i butikk nå!

I dette fargekartet kan du lese mer om de viktigste livsstilstendensene innenfor interiør, mat og mote, og fordype deg i ti vakre nyanser av lilla. Gjennom hele 2013 vil Fargerike lansere spennende produkter som hyller Årets Farge for det norske markedet. Følg oss på facebook.com/fargerike og www.fargerike.no

FARGERIKE HALVORSEN
Varhaug - Tlf. 51 43 61 00


FARGERIKE
Norges største fargehandel

Internatet



For nye folk på Varhaug, seier kanskje Internatet ingen ting. Men det er altså det store mur bygget som ligg ved sida av Fjordkjøkken, og som bondelag, bygdekvinnelag, bygdeungdomslag og 4H på Varhaug har vore eigar av sidan 1995, då me fekk det som gåve frå Rogalandsmeieriet.

Etter årsmøte i januar, ser styret for **INTERNATET** ut slik: Olav Husveg og Ingve Skrretting - bondelaget. Liv Hobberstad - bygdekvinnelaget. Ane Eckhoff Varhaug-BU og May Helen Skrettinglang 4 H.

Av ulike grunnar vert det ikkje gjort så mykje med huset i fjor, men det nye styret tok fatt i dette. Nå er det kome nytt rekkverk i trappeoppgangen. Det er skifta vindaugo på BU loftet og i kjellaren til 4H (desse hadde me hatt på lager ei tid). Det er sett inn

varmepumper på BU loftet, i husværet 2. etasje og i kjellaren til 4H. Desse hadde me mellom annan fått tilskot til frå Time Sparebank.

Det har vore ganske store utgifter til straum i dette store kalde mur bygget, så nå vonar me at desse årlege utgiftene skal verta mindre. Me held og på med ei oppdatering av det elektriske anlegget i samband med dette arbeidet.

Me vil her få retta ein stor takk til alle som ordna med dugnadsfolk.

Helsing styret v/Olav Husveg-leiar

VARHAUGMARKEN 2013

Markenskomiteen er godt i gang med planlegging av årets marken som skal arrangerast helga fredag 31. mai til lørdag 1. juni.

Mykje av dei faste programpostane, som varhaugmil, «ongaløp» og frokost blir som før, men me er alltid på jakt etter nye forslag og ideer. Til hausten er det stortingsvalg, og det er derfor naturleg at politiske parti blir en del av marken. Musikalske innslag blir det mange av både fredag og lørdag.

Som vanlig oppfordrer vil flest mulig lag og organisasjonar til å delta på marken. Dette er en flott mulighet til å få vist fram nettopp din organisasjon, og en god anledning til å få nye medlemmer. Det er som før gratis å delta for lag og organisasjonar.

Påmelding til årets marken skjer til morten.tjemsland@mega.coop.no eller 913 90 239.

Velkommen til marken 2013!

Markenskomiteen 2013

Morten Tjemsland / Gordon Bøe / Frank Håland / Håvard Skretting / Jan Christian Vasshus

Heidi Dubland Bø / Ingeborg Lea Omdal

Kunstutstilling på Lerbrekk Skule

Laurdag 13. og søndag 14. april

kl. 11.00 – 17.00 er det salsutstilling på skulen.

Då kjem Karen Roed, som de kjenner frå tidlegare utstillingar med både maleri og skulpturar.

Alle velkomne både til å kjøpa eller berre sjå. Det vert sal av kaffi/kaker begge dagane.

Helsing vennelaget for Lerbrekk skule.

Innkalling til Årsmøte 2013 for vennelaget

Torsdag 21. mars kl. 19.00

Vigrestad Pensjonistkor deltek med frisk song.

Det vert matøkt, åresal/utlodding, og høve til å betale kontingenten.

Medlemmer og andre interesse hjarteleg velkomne.

Grillkvelden i sommar vert torsdag 8. august kl. 18.00 (merk tida)

Helsing Styret



Varhaugbuen vil gratulera Liv Hobberstad med Hå kommune sin frivilligpris, for sitt mangeårige arbeid i lag og organisasjonar.

Varhaugbuen vil gratulera Sigbjørn Varhaug med vel overstått 70 års dag. Dagen vart feira på Ognatun med familie og vener. Sigbjørn ynskte seg ikkje noko gåve sjølv, men heller eit bidrag til nybygget på Ognatun.



Duscholux Duscho Cabinet 90x90 cm
Aluminiumsprofiler og klart glass på dør og sidevegg, hvit herdet glass på bakvegger.

kr. 9.900,-



Linn Bad Ingrid grå

1 stk 120 cm servantskap med skuffer,
1 stk 120 cm porselenservant,
1 stk 120 cm speilskap med led-belysning, 1 stk pop up ventil og 1 stk Tapwell Level Les 071 servantbatteri.

Før 39 870,- Nå 19 900,-



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag

07.00 - 16.00

Lørdag

09.00 - 13.00

Onsdag 27.3.

Stenger vi 12.00

Påskeaften stengt

Hå skulesjakk

På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen. Det er nokre færre nå enn for eit år sidan, men ein fin gjeng kjem trufast, nokre frå Nærbø.

På Varhaug starta me i september opp med sjakk på tysdagar kl 1730-1845 i foajeen på Varhaug skule. 23 gutar (ingen jenter) er med og speler sjakk med liv og lyst.

Og nå har me hatt Håmeisterskap i skulesjakk. Det var laurdag 2/3 frå kl 10 til 14. Og arrangementet var gratis, alle fekk premie og me hadde pizza og brus. 23 gutar frå skulene på Ognå, Vigrestad, Varhaug, Bø, Vigre, Høyland og ein som går på Stavanger Internasjonale skole. Dette året var det første der det ikkje deltok jenter.

For foreldre var det eit årsmøte for skulesjakken, både rekneskap og årsmelding vart godkjent. Og det var val på nytt styremedlem, og litt informasjon om turneringar. Dersom nokre frå klubben vil delta i t.d. noregsmeisterskap, så sponsar klubben deltaking. Og når nokre medlemmar i klubben vil delta i BGP-turneringar i Rogaland, så dekker klubben deltakeravgifta.

Når det gjeld Hå meisterskapen, så var det først ein innføring i enkle sjakkting, orientering om regler osv. Ein lydhør guttegjeng fulgte med då Erik Høidahl snakka og viste sjakk på eit stort demonstrasjonsspelebrett. (Bilete: før_start)

Etterpå starta spelet i to klassar. I nybegynnar klassen var det 16 deltakarar, i meisterklassen (for vidarekomne spelarar) var det 8. Alle spela 6 runder, 4 før matpausen og 2 etterpå.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Mester fv Rino, Morten og Ruurd

Resultatliste i meisterklassen:

Nr 1 og Håmester: Ruurd Kuipers	6 poeng	Stavanger int. skole
Nr 2: Morten Hauge Sikveland	4 poeng	Høyland skule
Nr 3: Rino Haver Figenshou	4 poeng	Ognå skule
Nr 4: Thomas Gauksås	3,5 poeng	Bø skule
Nr 5: Josef Aukland	3 poeng	Vigrestad skule
Nr 6: Ari Maman	2,5 poeng	Bø skule
Nr 7: Bernt Håland	0,5 poeng	Vigrestad skule
Nr 8: Even Håland	0,5 poeng	Vigrestad skule

(Der poengsum er lik, rekna ein kvalitet for å avgjere plassering)



Nybegynnarar fv Ole, Oskar og Bård

Resultatliste Nybegynnarar:

Nr 1: Oskar Feed Jakobsen	5 poeng	Varhaug skule
Nr 2: Bård Kydland	5 poeng	Varhaug skule
Nr 3: Ole Dvergsdal	4,5 poeng	Varhaug skule
Nr 4: Jone Ege	4 poeng	Varhaug skule
Nr 5: Kristian Varhaug	3,5 poeng	Varhaug skule
Nr 6: Livar Lende	3 poeng	Varhaug skule
Nr 7: Rasmus Auestad	3 poeng	Varhaug skule
Nr 8: Isak Micael Rømo	3 poeng	Varhaug
Nr 9: Mads Even Hobberstad	3 poeng	Varhaug skule
Nr 10: Aslak Moland	2,5 poeng	Vigre skule
Nr 11: Svend Tobias Ueland	2,5 poeng	Varhaug skule
Nr 12: Asle Kydland	2,5 poeng	Varhaug skule
Nr 13: Arvid Feed Jakobsen	2,5 poeng	Varhaug skule
Nr 14: Simon Aukland	2,5 poeng	Vigrestad skule
Nr 15: Leif Sverre Gimre Håland	2,5 poeng	Vigrestad skule
Nr 16: Arnold Johan H. Skretting	0,5 poeng	Varhaug skule

(Der poengsum er lik, rekna ein kvalitet for å avgjere plassering)

Nytt frå Misjonshuset

Så var det med eitt blitt 2013! Og det er full fres på Misjonshuset.

Frå 4. mars vert det 2 veker med felles møter der heile Misjonshuset står bak. Sjå informasjon som vart lagt i postkassen.

Årsmøte for Misjonshuset vert 4. April, her vert Bjørn Storm Johannessen med. Ikkje noko svære årsmøtesaker, - men det vert informert om at det er tilsett deltids vaktmester.

Påska vert markert på same viset som åra før, - palmesundag vert det palmesundagsfest med Normisjon, dette er avslutning på ei møteveke der Marta Irene Eriksrød er med som talar. Skjærtorsdag er det nattverdsfeiring kl 14, langfredag har IMF eit møte 1930 og 2. påskedag er det fest med bevertning kl 1800, der NLM har region.

Når vi kommer ut i mai, er alle velkomne til nasjonalfest på Misjonshuset 17. mai.

Misjonshusets styre er i gang med planlegging av vedlikehold i matsal og kjøkken. Matsal og kjøkken blir stengt antakelig frå 10. juni. Og arbeidet antar me er ferdig til bryllupet 20. juli. Oppussing og installasjon av steamer står på programmet.

Følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover. Internettsida er nå lagt om. Nå er det den nye layouten som kommer fram. Kanskje lettare å sjå arrangementa framover.

Det er kontortid måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Vær kjAPP! Last ned:-)



Rådhusgata 3 - 4360 Varhaug - 51 79 83 00 www.time-sparebank.no

Rydding i Sentrum, og i vårt ærmiljø for øvrig

Vi skriver såvidt mars 2013, og de små tegna på at våren nærmer seg finnes. Vinteren etterlater seg alltid noe graps, strøsand, plast og papir etc. Oppfordringen til alle som går tur; ta med en engangshanske og en «handlepose» og plukk opp. Det er egentlig «liten» innsats som skal til for å «løfte» omgivelsene.

Vi er jo så heldige at vi har «Ryddegjengen», pensjonistgjengen som i mange år har gjort sitt for at vi alle skal ha et trivelig Sentrum. I tillegg til rydding, vasking og maling av jernbaneundergang har de drevet med vanning av plantene som senere henges i stolpene rundt i Sentrum. Vi er alle takknemlige for at noen påtar seg oppgaver for fellesskapet.

Når oppfordringen går til turgåere og andre så har vi store strekninger i vårt nærmiljø. Ryddegjengen konsentrerer seg om Sentrum.

Dersom noen er «sprikkhoga» til å slutta seg til Ryddegjengen, snakk med Eldar (Odland)

God og ryddig Vår

Rune Odland

Lokaler til leige i Varhaug sokn

Selskap, bryllup, konfirmasjon, møter, mm.

Lerbrekk skule:

ca 40 personer tlf. 51 43 03 36

Misjonshuset:

ca 180 personer tlf. 51 43 08 08
kontortid mandag 19-21, torsdag 19-21

Refsland skytebane:

ca 60 personer tlf. 902 06 488

Holmavatn ungdomsenter:

ca 110 personer tlf. 51 43 25 00 -
har også overnatting og mat.

Ueland forsamlingshus:

ca 50 personer tlf. 476 30 057



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30

Mødeplassen

Her er det kortspel og bingo kvar mandag og seniordans på tysdag. Me hadde håpa at me kunne få til ei treff-stund andre dagar der folk berre kunne koma innom for ein kaffikopp og litt drøs. Me har og tenkt på laurdagsfrukost ein gong i månaden, men me tre klarar ikkje alt aleine. Er det nokon som har lyst å vera med på å få til fleire aktivitetar, ver grei og ta kontakt med ein av oss.

Varhaug har jo 3 sosiale samlingsplasser frå før. Ein fast gjeng samlast på Coop, ein annan på Felleesen og den tredje på Iden, kvifor skal me då laga til ein til? Me trur at det er andre som og har tid og lyst til ei avslappande stund i eit hyggeleg mil

jø ein føremiddag, så dette vil me prøva å få til i næraste framtid.

Elles så så det strikke-kafe første mandag i månaden i regi av bygdekvinnelaget.

Lag og foreningar kan ha møta sine her, bygdekvinnelaget har hatt fleire av sine. Sykkelklubben har vore her, og nå kjem Senioruniversitet og hit med eit møte i april.

4H og Bu hadde svingkurs, som de finn noko om anna stad i bladet.

Helsing Turid, Kirsten og Liv

Advokatkontor på Varhaug

Advokatene Stokkeland, Sørensen, Skjefrås DA etablerer seg på Varhaug. Kontoradresse blir Skrågata 2 – i samme bygg som Lensmannen i Hå – 1. etasje i andre enden i forhold til Lensmannen.

Dette blir et avdelingskontor i forhold til hovedkontoret som de har i Egersund. Mange på Varhaug og sørover kjenner igjen Brian Skjefrås, fra «Haua», som hadde en karriere i SR Bank på Varhaug for noen år siden. Han er advokat på dette kontoret.

Dette advokatkontoret har flere jurister med flere spesialområder og vi kan kort nevne familierett herunder arv, bygg-/byggesaker, forretningsjus etc. Nøl ikke med å ta kontakt, avtal tid, ikke vent til «krasjet» er et faktum, forebygg heller.

Åpningstider vil være tirsdager og torsdager kl. 0930 - 1430, men også mulig å avtale tid utenom disse åpningstidene.

Telefon 51 46 35 00 – e-post: post@advokat-stokkeland.no

Oppfordring fra Varhaugbuen: bruk de lokale tilbudene vi har, slik at de blir værende!

Stoff-frist

Neste blad skal ut før Varhaugmarken og stoff frist er 10. mai ?

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

iPhone er ikke et foto-apparat, tenk på dette når bilder tas.

Vil du gje eit bidrag til Varhaugbuen?

Som vanleg i det første nummeret av året, legg med ein giro, og så er det opp til deg om du vil yta ein skjerv. Styret vil seia takk for den gode responsen me har fått på denne giroen tidlegare år. Den viser at folk set prisen på bladet, som me i styret og er godt nøgde med. Me vil her gje skryd til alle som kjem med tips til bladet og me vil og takka Jærprint på Bryne for det gode samarbeidet Liv har med dei.



Coop Varhaug

Coop Mega:

Alle Toro supper og Gryter - 40%

Ukens brød

Coop Løvebrød

kr **14,90**

Byggmix:

Black and Decker

Kapp/Gjæresag - SMS216 CONO
(før 2590,-)

kr **1990,-**

Interiørvard:

Viking Sportsragg

pr. nøste / ass. farger

kun kr **10,-**

**coop
mega**

**coop
byggmix**

coop
Høyland
og Jæren

Alle våre avdelinger
har nå åpent
hverdager 8-21 og
lørdag 9-18
Velkommen innom!

Nå er det vår igjen!

NB! Utstyret følger ikke med



butikken
www.mer enn du tror.no

Molleveien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70